



Samarbeidsavtale mellom den offentlege tannhelsetenesta og barneverntenesta i Aule.....kommune

Målgruppa er barn og unge mellom 0-18 år

Barneverntenesta sitt ansvar:

- Delta på samarbeidsmøte med tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta kallar inn til møte og skriv referat.
- Kjenne til tannhelsetenesta sine rutinar for innkalling, informasjon til føresette og sending av bekymringsmeldingar.
- Vere tilgjengeleg for tannhelsetenesta med råd og rettleiing i saker der det er mistanke om, eller usikkerheit knytt til om barn kan vere utsett for vald, overgrep eller andre former for omsorgssvikt. Drøftingar av enkeltsaker skal anonymiserast til det føreligg ei bekymringsmelding til barneverntenesta.
- Gi tilbakemelding til melder. Tilbakemeldinga skal skje seinast innan tre veker etter at meldinga er motteke.
Tilbakemeldinga kan unnlatast i tilfelle der meldinga er klart utan grunn eller andre særskilte omsyn veg imot å gi tilbakemelding (jf. Lov om barneverntjenesten § 6-7a). Tilbakemeldinga skal bekrefte at meldinga er motteke. Tannhelsetenesta skal opplysast om det er opna sak etter barnevernlova § 4-3. Dersom det er opna sak, skal det gis ny tilbakemelding når undersøkinga er gjennomført. Den nye tilbakemeldinga skal innehalde opplysningar om saka er lagt bort eller om barnevernet følger opp saka vidare.
- Gi melding til tannhelsetenesta når eit barn som er omfatta av bekymringsmeldingar flyttar frå distriktet/regionen.

Den offentlege tannhelsetenesta sitt ansvar:

- Kalle inn til samarbeidsmøte mellom barneverntenesta og tannhelsetenesta ein gong pr. år. Tannhelsetenesta har ansvar for å avtale møtedato og for å skrive/sende møtetreferat.
- Informere barneverntenesta om tannhelsetenesta sine rutinar for innkalling, informasjon til føresette og sending av bekymringsmelding.
- Gjere personalet i tannhelsetenesta kjent med kontaktperson til barneverntenesta i sitt område/region.
- Informere barneverntenesta om relevante opplysningar som kan innhentast frå tannhelsetenesta. Svare på konkrete spørsmål frå barnevernet som er relevant for saka det gjeld.
- Tannhelsepersonalet skal av eige initiativ sende bekymringsmelding til barneverntenesta når det er grunn til å tru at eit barn blir utsett for vald, overgrep eller andre former for alvorleg omsorgssvikt.
- Utan hinder av teieplikta skal helsepersonell av **eige tiltak** gje opplysningar til barneverntenesta når det er grunn til å tru at barnet blir mishandla i heimen eller at det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt. jf. Lov om tannhelsejenester § 1-3 c og Lov om barneverntjenester §4-10, §4-11, §4-12.

Det same gjeld barn med vedvarande åtferdsvanskar jf. Lov om barneverntjenester §4-24.

Ved tvil om meldeplikta er til stades, drøfte saka anonymt med barneverntenesta som kan gi råd og rettleiing. Drøftingar av enkeltsaker **skal vere anonyme** fram til det føreligg ei bekymringsmelding til barneverntenesta.

Avtalen skal reviderast ved endring av lovverk, organisering og andre årsaker som er avgjerande for samarbeidet. Avtalen må gjennomgåast årleg og skal gjelde fram til ny avtale er utarbeidd og teken i bruk.

Dato: 21/12-22 Sign: May-Britt Nordgard Dato: 21/12-22 Sign: [Signature]

Leiar for barneverntenesta

For tannhelsetenesta: Klinikkleiar/overtannlege

Ressursperson i Den offentlege tannhelsetenesta i Møre og Romsdal:

Namn: Tannlege Trine Monsen, kompetanseklinikken St.Carolus, tlf: 71284620

Kontaktperson/team i lokalt barnevern:

Namn: MAY-BRITT NORDGÅRD Tlf: 48893188